

8. VEDTEKTER FOR PÅSKJØNNING AV TILSETTE

8.1 TILSTELLINGAR

Ein gong i året kallar kommunen sentralt inn dei som har jobba i kommunen i 25 år, frå alle einingane. Ein gjer litt stas på dei med eit lite måltid, gåve, blomster. Gåva bør overrekkeast av administrasjonssjef eller ordførar. Den einkilde arbeidsplassen kan i tillegg markere det internt. Sameleis kan eininga/avdelinga skipa til ei enkel tilstelling ved at tilsette sluttar etter 10 år eller meir.

8. 2. ANSVAR

Det er kommunen sentralt som har ansvar når ein tilsett har "25-årsjubileum". Ved interne tilstellingar har eininga/avdelinga ansvar.

8. 3. MARKERING AV 25-ÅRS TENESTE

Etter 25 års teneste i kommunen, får den tilsette ei gåve til ein verdi av 25 gonger påskjønningsfaktor.

(For tilsette som sluttar i kommunen rett før dei har 25 års tenestetid, vert tenestetid på 25 år sett på som oppnådd når sluttdato ligg mindre enn 6 månader frå 25 år).

8. 4. TILSETTE SOM SLUTTAR I TENESTA

a) Tilsette med meir enn 25 års tenestetid

Tilsette får ei gåve til ein verdi 8 gonger påskjønningsfaktor. Me ser denne gåva i samanheng med påskjøning i samband med 25 års teneste. Det vil seia at tilsette som tidlegare har fått gåve for 25 års teneste i kommunen (jf. pkt. 8.3), får ei gåve til 8 gonger påskjønningsfaktor når dei sluttar i kommunen.

b) Tilsette med 10 - 25 års tenestetid.

Tilsette får ei gåve til ein verdi av påskjønningsfaktor gonger talet på tenesteår.

8. 5. ÅREMÅLSDAGAR

Ved 50- og 60-årsdagar får den tilsette ei blomsehelsing.

8. 6. BRYLLAUP/PARTNARSKAP

Tilsette får ei gåve til ein verdi av 4 gonger påskjønningsfaktor.

8. 7. GRAVFERD

I samband med ein arbeidstakar si gravferd viser kommunen si merksemd ved å senda ei blomsehelsing eller krans. Næraste overordna har ansvar for at dette vert gjort.

I samband med gravferd for tidlegare arbeidstakarar i Samnanger kommune, vurderer rådmannen om kommunen skal senda ei blomsehelsing. I samband med gravferd for tidlegare ombodsmenn i Samnanger kommune, vurderer ordføraren om kommunen skal senda ei blomsehelsing.

8. 8. PÅSKJØNNINGSFAKTOR

Timeløn etter 37,5 t/v i lønnssteg 22 i statens lønstabell. (Pr. 01.05.2013 var dette kr. 149,-).

8. 9. OM UTREKNING AV TENESTETID I KOMMUNEN

Permisjon utan løn ut over 3 månader vert ikkje rekna som tenestetid i kommunen.

Det er utarbeidd egne retningsliner for påskjønningsgaver (gåvetype, ansvar for innkjøp etc). Desse kan fåast på personalkontoret.